

SAMRØYSTES OM E39

Kommunestyret i Tysnes vil ha brukryssing mellom Hodnanes og Jektevik. NYHENDE: SIDE 2-3

MEIR HALHJEM-PROBLEM

Bussen forlet Halhjem då ferja la til kai. NYHENDE: SIDE 4

OVER 10.000 TIL BLÅBÆRHAUGEN

Det tyder over 100.000 i sponsorkroner til Onarheim IL. NYHENDE: SIDE 5

Tysnes

TORS DAG 19. JANUAR 2017

NR. 3 - 65 ÅRG.
LAUSSAL KR. 30,-
tysnesbladet.no



Ny leiar for Kystsoveke

ØYPULS SIDE 19



–Smertefullt å seia opp ni tilsette

NYHENDE SIDE 8-9



Går tur i allslags vær

ØYPULS: SISTESIO

Kraftlagsjefen er skeptisk til el-ferje på Halhjem-Våge

NYHENDE: SIDE 2-3



SKEPTISK TIL EL-FERJE: Kraftlagssjef Lars Enes frykter at framtidig direktelading av el-ferje på kaien i Våge kan by på store utfordringar.

LEIAR SIDE 4: – Grasrotmidlane kan tilføra Tysnes endå meir.

Tilbudene gjelder t.o.m. lørdag 21/1.

SPAR

EUROSPAR

Finn din nærmeste butikk på www.spar.no

All fisk fra Findus

÷40%



Alt fra Blenda og OMO

÷40%



Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

Alltid tilbud på noe godt!

På kino: Marcus & Martinus

Fredag og søndag kan du få med deg den premiereklare filmen «Marcus & Martinus – sammen om drømmen» i Grendatun. Dette er historia om to tvillingbrødre som er viljuge til å ofra alt for kvarandre og musikken. Filmen er eit nært og usminka portrett av Marcus og Martinus,

der publikum får ta del i dei avgjerande augeblikka i gutane si reise mot stjernene – eit fullsett show i Oslo Spektrum i november i fjor.

Filmen gir eit nært innblikk i korleis det er å vera tenåringsidol med hylande fans kor enn dei går, men det er også eit portrett av to vanlege brør som

går på skule og må gjera lekser som alle andre born.

«Sammen om drømmen» er ein feelgood film for heile familien, med innslag av musikk, dans, gutestrekar og søskenkjerleik på godt og vondt.



Minneord

Fredag 13. januar fylgde ein stor flokk Bernhard Dalland til den siste kvilestaden her på jorda på Tysnes kyrkjegard. Kyrkja var fullsett, noko som vitna om at han var ein bygdamann som mange hadde kjær og kjende godt.

Stunda i kyrkja var naturleg nok vemodig, men samstundes vakkert fylt med solosong, kornettsolo, fine minneord og ei mektig avslutning av Tysnes musikklag, som var så viktig for han gjennom store delar av livet hans.

Som Bernhard har også eg ein «karriere» som musikanter i Tysnes musikklag. Bernhard var den fyrste eg høyrde spela på eit messinginstrument. Då var eg seks år på midten av 1950-talet. Han var av og til ute på nabotunet på Dalland og øvde på kornetten sin. Eg vart begeistra, og han vart mitt ideal og inspirator til sjølv å byrja i musikklaget. Sjølv sagt måtte det som aspirant verta kornett for meg òg. Då eg etter kvart

byrja i musikklaget, fekk eg sitja i kornetttrekkja ved sida av Bernhard. Det var stort for ein ung gut. For meg var han den store helten, den lokale Eddie Calvert og Finn Eriksen.

Som med alt anna Bernhard heldt på med, anten det var elektrikarfaget eller hobbyar som treskjerjing, muring, snikring og mykje anna, var det nøyaktig presisjon og høg kvalitet som også prega prestasjonane hans på kornetten. Han terpa og øvde til løp og notar var på plass. Viljen til å utføra det beste var alltid eit særpreg ved han. Me hadde mange fine år saman i musikklaget.

Viljen til å halda ut og stå på hadde han heilt til sjukdommen sette ein stoppar for arbeid og aktivitet. I ein alder av 84 år byrja han nemleg å trenast ved Svingen Puls. Det var imponerende å sjå han i sving med styrketrening. Målretta, ivrig og full av glød. Slik var han.

Vel éi veke før Bernhard døydd, besøkte eg han på

sjukeheimen 3. juledag. Då hadde eg notar og den private kornetten min med meg. Det er mange år sidan eg slutta i musikklaget, men det er framleis kjekt å bruka kornetten til husbruk.

Han gav uttrykk for glede over at eg kom og ville spela julesongar til han. På rommet hans spelte eg to vers på kvar av dei 10-12 julesongane. Han var nøgd med solisten. Då «konserten» var over, spurde eg han om det var ein song eller ein salme han ville høyra før eg gjekk. Til å byrja med fekk eg ikkje nokon respons på spørsmålet, men etter litt samtale om ymse, og eg spurde på nytt, hadde han svaret. – Eg vil høyra «Kirken den er et gammelt hus», sa han. Ein salme med eit mektig innhald. Den fall ned i tankane hans. Så spelte eg to vers på den, pakka ned kornetten og tok farvel med Bernhard. Ringen var slutta.

Takk for gode minne, Bernhard.

Hans Ole Dalland

Ny dagleg leiar i Kystsogeveke

Kjell Magnus Økland frå Tysnes er ny dagleg leiar i Stiftinga Kystsogeveke.

Oselvarentusiasten tok til i den nye stillinga 9. januar.

– Med hans bakgrunn og nettverk er han den rette mannen for Kystsogeveke, fortel styreleiar i Kystsogeveke, Børge Haugetun.

Aktiv på mange område

Kjell Magnus Økland er oppvaksen i ein sjømannsheim på Tysnes, og har brei rymsle frå kulturarbeid.

– Han har vore særleg aktiv i seglsporten, og har mellom anna sete i styre og stell kring Oselvaren sidan 1990 i organisasjonar som Båtlaget Njord/Tysnes, Oselvarklubben, BSI/Seiling, Hordaland Seilkrets, Ran Seilforening, Shetland Race og Forbundet Kysten, fortel Haugetun.

Tidlegare har han arbeidd som journalist og lærar, og har drive segloppføring, arrangert regattaer for både joller, eintypebåtar, havkappsegling og kapproing. Vidare er han ein aktiv regattaseglar, skribent, fotograf og føredragshaldar der han gjerne formidlar maritime tema.

I oktober gav han ut boka «Oselvar – den levande båten». Det var også han som skreiv nominasjonsframlegget som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvliste i desember.

Årleg arrangement

Kystsogeveke finnstad kvart år i august og september, og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen kommune og Hordaland fylkeskommune. Kystsogeveke er sett saman av dagar der folk møtest og deler gode opp-



TIL KYSTSOGEVEKENE: Forfatter, oselvarentusiast og tysnesing Kjell Magnus Økland tok nyleg til i jobben som dagleg leiar i Kystsogeveke. (Arkivfoto)

levingar: båtturar, aktivitetar, konsertar, føredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar.

Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar.

CAMILIA KORSNES
redaksjonen@tysnesbladet.no

PREIKELISTA

22.01 Tysnes kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste v/Espedalen
Offer: Strømmestiftelsen

SØNDAGSORDET

Underleg

JOH 2.1-11

AV LARS ENES

Under og mirakel er sterkt knytt til Jesus og fortellingane om han. For det meste dreidde dette seg om at folk vart lært frå sjukdom og lidning.

Det var svært begrensa kva midlar og kunnskap ein hadde til å hjelpa folk med sjukdom for 2000 år sidan. Ein måtte stort sett leva med dei plagene som oppstod, og små ting kunne få fatale fylgjer. Men den gong som no var det største ynskje til den som var sjuk å verta frisk. Eit friskt menneske har tusen yniskjer, medan eit menneske som er sjuk har eitt. Slik var det og den gong. Difor er det ikkje så rart at dei fleste undera som Jesus gjer handlar om folk som vert lætte. Men så var det dette vin-underet då, det var til og med det første underet Jesus gjorde. Å gjera vatn til vin. «Dette var det første teiknet Jesus gjorde; det var i Kana i Galilea. Han openberra sin herlegdom og læresveinane trudde på han» Kva skulle det vera godt for? I vår pietistiske tradisjon vert det sagt «vi veit det står slik i Bibelen men vi likar det ikkje».

Men vi kjem ikkje utanom at dette var det første underet, der han viste at han var meir enn menneske. Kva syner det oss? Jesus vart utfordra av mor si i møte med problemstillinga der vertskapet for bryllupet hadde gått tomme for vin. Han var fyrst avvisande, men på hennar ord ba han tenarane fylla vasskara med vatn og så ausa opp til gjestene. Vatnet var vorte til vin eit mirakel som berga bryllupsfolket frå å koma i ein pinsam situasjon der gjestene mangla drikke. Det syner oss at Jesus har omsut for heile menneske i både smått og stort, her var det ikkje snakk om berging frå ei livstruande lidning, men like fullt ei fysisk umogleg omdanning, eit under som løyser ein triiell praktisk situasjon. Jesus bergar festen og omdøme til bryllupsfolket. Kjøkenmeisteren lurte endå på kvifor brudgomen spara den gode vinen til slutt, omvendt av det som var vanleg. Det var ikkje lite heller 5-600 liter, det kunne no vore mon i mindre.

Min kjære søster og
vår snille tante

**Kirsten
Lillian
Henriksen**

f. 24.06.1931

døde stille
26. desember 2016.

Norolf

Hans Evald, Grete, Tor
Martin, Morten, Fanny,
Mette, Norolf, Marit, Liv
Reidun og Heidi

Øvrig familie og venner.

Takk for all din gode
omsorg.

Begravelsen har funnet
sted i stillhet etter
avdødes ønske.

Vår kjære

**Johan
Aarbakke
Solaas**

f. 01.01.1939

døydd frå oss
på Haukeland sjukehus
13. januar 2017.

Anna
Martin – Kaja
Kristian – Kjersti
Gaute
Barneborn
Slekta elles.

Takk for alt du var for oss.

Gravferd frå
Kausland kyrkje fredag
20. januar kl. 10.30.
Alle som vil fylgja Johan
til grava er hjarteleg
velkomne.

*Tysnes og
Sunnhordland
Gravferdsbyrå*

Vakttelefon: 53 43 40 30